

Hovedarrangørar:

- BYGDEUTVIKLINGSPROSJEKTET ØVRE STORDAL

- STORDAL SOGELAG VED STYRET

Kontaktperson: Styreleiar Einar J. Hove

Hovslia, 6250 Stordal - Telefon: 70278168

Mobil: 91898650 - Epost: einar.hove@c2i.net

Stordal, 14. juni 2007



PROGRAM

LANGSÆTERDAGANE 2007

Set av fredag 31. august, laurdag 1. og søndag 2. september
DISSE DAGANE MÅ DU IKKJE GÅ GLIPP AV

Programma for alle dei tre dagane er no i hovudtrekk ferdig og oversikt fylgjer her. Det blir mykje interessant å vere med på alle dagane. Her skisserer vi med ein viss detaljeringsgrad programma for dei tre dagane. Det blir seinare laga spesielle programoversikter for kvar enkelt dag. Disse vert publisert på ulike måtar, og også delt ut på den aktuelle dagen. På side 4 her finn du foto/kart frå Langsæterområdet, Stordal og omliggande bygder.

HOVEDMÅLSETTINGANE FOR LANGSÆTERDAGANE 2007

- Vi vil fokusere på mange interessante programpostar for barn, unge, skuleklasser og andre slike grupper.
- Vi ønsker representantar frå hestemiljøa spesielt velkomne. Hester og hesteaktivitetar passer godt inn alle dagane. Sjå spesielt programmet for 1. september.
- Vi vil formidle kultur, historie og kunnskap om stølslivet og anna frå eldre tider.
- Vi vil bidra med spennende og lærerike programpostar både for yngre og eldre.
- Vi ønsker besøk over fjellet frå nabobygdene våre. Ellers er alle velkomne både frå nær og fjern.

God lokal mat blir tilbydd alle dagane av aktørar frå bygda.

TROLLKYRKJEGARDSDAGEN, FREDAG 31. AUGUST.

- Dette er møtedagen på Trollkyrkjegarden inne på fjellet mellom bygdene Stordal, Valldal, Innfjorden, Måndalen, Tresfjord og andre nabobygder. Sjå foto/kart side 4 her.
- Tur – friluftsfolk, skuleklasser, pensjonistgrupper, sogelagsgrupper, hestemiljø og andre møtes då på Trollkyrkjegarden.
- Det vil bli arrangert turer inn til Trollkyrkjegarden frå dei omliggande bygdene. Ta del i den av disse turane som passer best for deg!
- Det vil bli orientert om fornminner, kulturminner, geologi, biologisk mangfold / planter – fugler o.s.v. frå fjellområda mellom dei omliggande bygdene.
- Spesialprogram for skuleklasser blir sett opp, t.d. opplevings safari, brubygging, skyting med pil og boge og andre uteaktivitetar.
- Alle er hjarteleg velkomne til denne FRILUFTSDAGEN og dagen for møte mellom grannebygdene slik det var i eldre tider.

Det som foregjev på sjølve Trollkyrkjegarden av offisielt program reknar ein med vil ligge i tida mellom klokka 11.00 og 14.00.

FAST PROGRAM VERT SETT OPP – SET AV HEILE DAGEN – START TIDLEG!

KVITLANEDAGEN (STØLSDAGEN), LAURDAG 1. SEPTEMBER

Programma starter Kl. 10.00 – Ver ute i god tid. Du blir herved invitert til å sette att bilen på parkeringsplassen på Overøye og gå til Kvitlanestølen, ein marsj på om lag 1 kilometer. Start gjerne frå Overøye kl. 09.00 – 09.30. Dette er Opplevings- og Læringsdagen på Kvitlanestølen og ved elva. Programmet for denne dagen vert delt i dei tre nedanforståande hovedpostar:

PÅ SJØLVE STØLEN; Ei mengd enkeltprogramposter som vi her kort refererer:

- Ysting av ost, kjinning av smør, koking av søst / mysebrøm / dravle o.s.v.
Det vil bli servert smaksprøver av nokre produkt. Ein kan få kjøpt sveler til familievennlege prisar.
- Handarbeidsgrupper vil vere i sving og vise framgangsmåter og gjenstander.
- Mannshandarbeid; trebearbeiding, dreining, knivsmed og andre handtverkstradisjonar.
- Kvinnehandarbeid; karding, spinning, strikking, toving, plantefarging av ull m.v.
- Mineralogi og biologisk mangfold v/spesialister. Bilder og prøver vert vist.
- Omfattende visning av gamle barneleikar – barna deltek og lærer.
- På BØNDENES TORG vil det verte tilbudd ei masse varer for sal.
- MAT vert servert i tråd med dei beste lokale mattradisjonar av lokale tilverkarar.

NEDE VED ELVA vil foregå interessante aktivitetar, som her kort refererast:

- Gullgravarleiren – det vil bli funne gull! – for dei som er først ute.
- Rafting, elvepadling og andre aktivitetar på elva.
- Ein vil prøve å få arrangert bogeskyting, eventuelt som konkurranse.
- Spikking med kniv og svar på: kva er eit gangbein.
- Speidarleir. Speidarar frå Liabygda.
- 4H-organisasjonen i Møre og Romsdal vil presentere seg i egen leir.
- Skuleklasser og andre ungdomsgrupper har leir for overnatting.

VESTNES ISLANDSHEST FORENING vil presentere Islandshesten med fylgjande program:

- Gangartvisning (5 arter) – Presentasjon av Islandshesten som rase – Litt historikk
- 4 til 5 hestar vil vise seg fram med trav på vegen mellom brua og stølen.

Det vil bli sett av eige område for denne presentasjonen som vil foregå på ei bestemt tid frå om lag klokka 14.00 og vare i 15-20 minutt.

Etter dette innslaget med Islandshestane vil alle dei andre aktivitetane halde fram til om lag klokka 15.30.

PUSKENDAGEN, SUNDAG 2. SEPTEMBER

Gudsteneste og Underhaldningsdagen. Programmet starter Kl 11.00 med gudstjeneste. Du blir herved inviterert til å sette att bilen på parkeringsplassen på Overøye og gå fram gjennom Trongstelia ca 1,5 km til Puskenstølen. Start gjerne frå Overøye kl. 10.00. Ved starten av turen står det nye informasjonsbygget til Stordal Sogelag. Sjå informasjonen ute og inne i dette bygget.

PROGRAM

11.00 – 12.00 GUDSTENESTE

- Prest Nils Beite held gudstjenesta. Stordal Hornmusikklag spelar til salmesongen.

12.00 – 13.00 MATSERVERING

- Matpause med sosialt samvær til dempa bakgrunnsmusikk. Varm mat, kaffi og kaker frå dei lokale tilbydarane Holt Gardsmat og Nilsgardstunet.

13.00 – 13.30 STORDAL HORNMUSIKKLAG

- Stordal Hornmusikklag spelar marsjer og anna frisk musikk.

13.30 – 14.15 KORAHS

- KORAHS er eit vaksenkor med menn og kvinner, til saman om lag 25 songarar, som syng gosspekknande songar.

FOTOMONTASJE FRÅ LANGSÆTERDAGANE 2006



TIL HØGRE KART OVER
DET SENTRALE
LANGSÆTEROMRÅDET.

MIDT PÅ SIDA FOTO OVER
LANGSÆTEROMRÅDET.

NEDERST EIT
OVERSIKTSKART FOR
STORDAL MED
OMLIGGANDE BYGDER.

